

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 9. NOVEMBER 2010

Framlegg til sakliste:

- I. Godkjenning av innkalling, referat, sakliste og tidsplan
- II. Sidan sist
- III. Aktuelle oppgåver
- IV. Høyringsmøtet 21. februar 2011
- V. Personlege pronomener i andre person fleirtal
- VI. Ny gjennomgang av norma – lydverket

I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førebels innkalling vart send ut 1. november.

Oversyn over alle vedtak til no vart lagt ut i arbeidsrommet til nemnda 30. oktober.

Samla sakspapir vart sende ut 7.11.2010.

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagt ut på nettsida vår.

Framlegg til sakliste står ovanfor.

II. SIDAN SIST

Møte:

Sidan sist me var samla, har Grete Riise og Aud Søyland hatt møte tekstekontoret i NRK og med omsetjar Tove Bakke på vegner av Norsk Oversetterforening.

Grete Riise innleidde om arbeidet vårt for landsrådet i Noregs Mållag 24.10.10.

Innlegg:

- På Nynorsk 2011 har nemnda lagt ut eitt innlegg om samsvarbøying og eitt om *de/dykk* sidan sist møte.
- Karin Magnetun og Tore Elias Hoel har sendt eit innlegg til nettsidene til Utdanningsforbundet.
- Grete Riise har skrive innlegg til *riss* ved NTNU og til Aftenposten.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

1) Møte i fagråd 2 og fagråd 3:

Det er møte i fagråd 2 og fagråd 3 den 11. november. Grete Riise og Aud Søyland møter i begge fagråda. Unn Røyneland blir òg med i fagråd 3.

2) Styremøte 15. desember?

Dersom eit nytt styre er på plass og det blir styremøte i desember, møter Grete Riise for nemnda.

IV. HØYRINGSMØTET 21.2.2011

Nytt om høyringsmøtet

V. PERSONLEGE PRONOMEN I ANDRE PERSON FLEIRTAL

Status i dag:

Nynorsk skil mellom subjekts- og objektsform i andre person fleirtal: *de* og *dykk*. Skilnaden på *de* og *dykk* er vanskeleg å læra både for hovudmåls- og sidemålselevar fordi mange ikkje har ei slik deling i talemålet sitt. Mange etablerte nynorskbrukarar seier òg at *de/dykk* er mellom dei ordformene som kjennest mest framande i den gjeldande rettskrivinga, og at dei prøver å omgå formene ved å skriva om setninga eller bruka dialektformer som *dokke(r)* i skrift.

Nynorsknemnda skal mellom anna ta pedagogiske omsyn, og spørsmålet er om dette mykje brukte ordet bør få ei ny sidestilt form. Det som talar imot, er at me bør vera varsame med å ta inn nye former når mandatet vårt er innstramming.

Normhistorikk

I *Norsk Grammatik* peikar Aasen på at det er mange forskjellige former for andre person fleirtal i norske talemål. Ei årsak til det er at norrønt talemål hadde total og eigentleg fleirtal. Dagens talemålsformer har til dels utvikla seg frå totalsformene *þit/ið* og *ykkr*, dels frå *þér* og *yðr*.

Aasen skriv: "En mæreklig Afvigelse er det, at Formen *ykkr* og *ykkar* nu overalt begynder med 'd' (*dykk*, *dykkar*). I G. N. var det kun Nominativ, som havde 'þ', (*þit*, *þid*), men selv dette ansees som en yngre Form i Stedet for 'it', ligedan som Fleertalsformen *þér* for *ér* (...) Formerne 'me' og 'de' synes fremkomne ved en Tillemmpning etter Eentallet, hvor man allerede havde et Par Former med 'm' i første og 'd' i anden Person; desuden kunde de ogsaa bestyrkes ved den tilsvarende Endelse i Verberne, f. Ex. *erum vér* (ere vi) og *eruð ér* (ere I)."

Han valde å bruka *de* – *dykk* – *dykkar* i landsmålet, og grunngir det slik: "Af de forskjellige Former for Objektet i anden Person synes Formen 'dykk', uagtet den er sjeldnere, nu at være den, som bør sættes øverst, baade fordi den mest ligner den gamle Form (ykk), og fordi de øvrige Vokal-Overgange (paa een Side til 'i' og 'e', og paa en anden til 'ø' og 'o') kunne lettest forklares af en Form med 'y'."

Skriftspråkleg tradisjon og praksis

Dei fleste skribentar har nok vore lojale mot norma, og skrive *de/dykk*. Men etter som talemåla endrar seg, og stadig fleire dialektar har same form i subjekt og objekt, er det mange nynorskbrukarar som ikkje meistrar skiljet mellom desse formene i skrift. Objektsforma *dykk* er stadig meir i bruk som subjekt. Dette kjem mest til uttrykk i upublisert tekst, men tendensen slår faktisk også så smått inn i nyare avistekst. Problemet blir desto større fordi eineformene *de/dykk* er heller sjeldsynte i dialektane. Bokmålsformene *dere/dere* representerer dermed eit system som liknar meir på det me finn i dei fleste dialektane: "Skadet dere dere?"

Eigedomspronomenet *dykkar* blir vel òg brukt at dei fleste nynorskskribentar, sjølv om dei som synest *dykk* er framandt, truleg òg reagerer på *dykkar*.

Talemålsgrunnlag

Andre person fleirtal av det personlege pronomenet *du* blir i nynorsk skrive *de* når det står som subjekt, og det har objektsforma *dykk* (som i setninga "Skadde de dykk?"). I dialektane finn me svært mange variantar av dette pronomenet.

Aasen har denne kartlegginga:

Nominativ: "*did*, aabent *i* (Sdm., Nfj.), *di* (Sogn, Fosen og fl.), *de* (mest alm.), *dø* (Østerd.); *døkk* (Gbr.); *i* (i Nordland).

Dativ og akkusativ: "*dykke* (ved Mandal), *dikke*, *dike*, *deke* (Sogn, Nhl.), *dikk*, *dekk* (Hedem., Østerd.), *dikko*, *deko* (Rbg., Hard.), *dikkon* (Tel.), *døkk* (Gbr.), *dokk* (Nordland, Trondh. stift), *dokko* (Ndm.), *dokke* (Stavanger, Shl., Nfj., Sdm. og fl.), *dokker* (Nordland), *dere* (Søndre Agersh.), *ør* (Nordland), *er*, *ær* (Nordl., Hadeland), *jer* (flere Steder) /".

Nokre dialektar held stadig på skiljet mellom subjekts- og objektsform, og ein del stader i landet høyrer ein variantar som /slo di dere/ eller /slo de dikka/ (for normalisert nynorsk "Slo de dykk?"). Men i mange dialektar er objektsforma den einaste forma som er att. Tidlegare fann ein særleg éi felles form i dialektar frå bynære strok, men tendensen til at objektsforma tek over også subjektsplass, er stadig aukande. Dermed blir variantar av /slo dokker dokker/ (på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg) eller /slo dere dere/ (på Sør- og Austlandet) stadig meir dominerande.

Aasen reknar opp genitivsformene, og legg til at nokre av dei vel ikkje er genitivar, men eigedomspronomen: "*dykka* (Mandal), *dikka*, *deka* (Sogn, Nhl., Hall., Vald.), *dekan* (Hard.), *dikkons* (Tel.), *døkkor* (Gbr.), *dokka* (Stav., Shl., Nfj., Sdm. og fl.), *dokkers* (Nordl.), *daar* (Ørk., Østerd., Hadeland, Smaal.), *deres* (Søndre Ag.), *ørs* (Helg., Lof.), *ers* (Helg., Hadeland), *jers* (flere steder)."

Vurdering

Det er altså to sider ved denne saka som me må ta stilling til:

- Skal me fjerne skiljet mellom subjekts- og objektsforma?
- Skal me endra objektsforma?

På Nynorsk 2011 inviterte me folk til å koma med synspunkt, og sette opp desse tre alternativa:

1. Halda på *de/dykk* som eineformer, slik det er no:
("Slo de dykk?")
2. Halda på *de/dykk*, men innføra ei ny sidestilt form utan opposisjon. Denne forma kan vera dagens objektsform: *dykk/dykk*:
("Slo de dykk?" ved sida av "Slo dykk dykk?")
3. Halda på *de/dykk*, men innføra ei ny sidestilt form utan opposisjon (skilnad på subjekts- og objektsform). Denne forma kan vera den utbreidde dialektforma: *dokker/dokker*:
("Slo de dykk?" ved sida av "Slo dokker dokker?")

Mange har meldt attende at dei synest det er bra me tek opp dette spørsmålet. Fleire støttar tanken om å ha ei sams form som både subjekts- og objektsform. Nokre meiner at me då bør ha *dykk* som subjekts- og objektsform, mens andre meiner me bør velja ei anna form.

"Torodd" skriv på Nynorsk 2011: "(...) problemet for meg er ikkje å vite kva form som er rett. Problemet er at eg opplever formene *dykk* og *dykker* som nokså pinlege."

Det har kome framlegg om *dokk*, *dokke*, *dokker*, *dåkk*, *dåkker*, *deko* som alternative former til *dykk*.

"Hyperbol" skriv på Nynorsk 2011: "Det handlar ikkje om å gjera alle nøgde, men rette seg etter eit stort fleirtal som nyttar *dokk/dokker* i dagleg tale. Slike frieri er viktige for potensielle brukarar som føler at nynorsken høyrer Vestlandet åt. Noko den ikkje skal gjera. Å lata oss skrive *dokk*, sender eit signal om at nynorsk er like mye for oss utanfor Vestlandet. Eit slikt forslag er ikkje eingong eit skritt mot bokmål, men eit skritt mot sine eigne brukarar."

Erik Papazian skriv: "*dåkker* kunne bli alternativ til *dykk* i alle høve, også om ein vil nytte subjektsforma. Altså at ein kan skrive både "Slo de dykk?", "Slo de dåkker?", "Slo dykk dykk?" og "Slo dåkker dåkker?". Då blir det m.a.o. to fridommar: å bruke anten *dykk* eller *dåkker*, og å bruke den forma ein vel, anten som objektsform eller som eineform. Dét skulle vel vere eit overkommeleg val."

Lars Vikør skriv: "I og med at de skal vurdere *dokker/dåkker* opp mot *de/dykk*, så bør de fokusere på dette å ha ulike former som subjektsform og oblik form (objektsform). Skiljet *de - dykk* er ikkje like greitt for alle lenger, ved sida av at *de* sjølvsagt kolliderer med 3. person (bokmål *de*, som i dialektane ofte har ein uttale *di* o.l.). Ein skal eigentleg uttale *de* som /de/, ikkje /di/, men det kolliderer med *det* og er òg lite praktikabelt. Alternativet jamstilling av *dykk* i subjektsposisjon bør kunne vurderast, jf. gudbrandsdalsk *døkk*, (nyare) trøndersk *dåkk*, som kunne "dekkjast inn" av *dykk*. Eg er noko atterhalden til *dokker/dåkker*, men eg ser (rettare: hører) at det er svært ekspansive former, som kanskje tvingar seg inn uansett. Elles må jo det

tilsvarande egedomspronomenet *dykkar* vurderast i same slengen, som det òg blir antyda i referatet."

Det har òg kome innlegg som tek til orde for at me held på *de* og *dykk*.

Eirik Tengesdal skriv: "Det personlege pronomenet *de* i subjektsform og *dykk* i objektsform tykkjer eg er sers viktig å lata vera slik som det er. I Noreg finst dette pronomenet i sers mange ulike utgåvor, men eg meiner dette kan gjelda som ein minste sams nemnar for dei alle (her gjeld au diakroniske argument) – til dømes er *de* og *dykk* stutte. Det viktigaste argumentet mitt for å halda på formene «*de*» og «*dykk*», er at desse spelar ei sers viktig rolla i skriftleg norsk på det tydingsskiljande nivået. I verste høve kan ein oppfatta ei heil setning feil/motsett enn det skrivaren hadde tenkt av di lesaren ikkje oppfattar om ordet er meint å hava subjekts- eller objektstyding."

C.H. Støle skriv: "Som ein som seier *dåke*, er forma *dokk(er)* noko framand, og ikkje minst er eg vorten glad i *de* – *dykk* etter kvart; so eg ville nok ha nytta dei tradisjonelle formene om eg fekk valet. Vidare kan det vera greitt å ha eit skilje mellom subjekt og objekt."

SteffenL skriv: "Eg vonar at *de/dykk/dykkar* vert ståande av di det er så mange forskjellege dialekter i Noreg med sine eigne pronomensformer at ein ikkje kan endra det utan at nokon føler seg oversett. (...) *Oss* i subjektsform er vanleg enkelte stadar, men andre stadar held dei framleis på *vi* og *me* (eg vil ikkje sei at eg slit med å skrive *vi* i subjektsform sjølv om eg godt kan sei *oss* i daglegtale)."

Vendla Urdal: "Talemålet her hos oss (i Osterfjorden) er *deko* i objektsform og derfor synes eg det kunne høve med *de/deko/dekar*."

Langeland og Breivega nemner ikkje personlege pronomene, men held truleg på formene *de* – *dykk* – *dykkar*.

Ut frå responsen synest det fornuftig å gjera noko med skrivemåten av objektsforma. Det bør framleis vera høve til å skriva *dykk*, men det bør bli høve til å velja eit alternativ. Truleg er *dokker* då den mest samlande forma, fordi ho representerer eit stort område, og omfattar både dei som uttalar r-en, og dei som har r-bortfall med svarabhaktivokal: /dokke/.

Dokker bør skrivast med *o*, fordi forma då kan representera både uttalen /døkk/ og uttalen /dåkk, dåkke, dåkker/.

Ei alternativ form til egedomspronomenet *dykkar* kan vera *dokkar*.

Nemnda bør derimot ikkje oppheva skiljet mellom subjekt og objekt. Dei aller fleste dialektar har enno dette skiljet i fyrste og andre person eintal og i fyrste person fleirtal av pronomena, og det bør vera mogleg å læra seg at det er eit slikt skilje i skrift også i andre person fleirtal, ved å samanlikna med ei av dei andre personformene. Skiljet mellom subjekts- og objektsform i skrift er med på å bevisstgjera språkbrukarane om korleis dei uttrykkjer seg, og om at det faktisk er eit poeng å skilja mellom subjekt og objekt. Fjernar me dette skiljet, er me òg med på å framskunda utviklinga i talemålet mot ei felles form for subjekt og objekt.

Konklusjon

- Skiljet mellom subjekts- og objektsform i pronomene andre person fleirtal bør bestå.

- Det bør vurderast å innføra ei alternativ form til *dykk* som objektsform.
- Blir det eit alternativ til andre person fleirtal av det personlege pronomenet, må også eigedomspronomenet i andre person fleirtal vurderast.

Framlegg til førebels vedtak:

- 1) Det skal framleis vera skilje mellom subjekts- og objektsform i andre person fleirtal av pronomen i nynorsk.
- 2) Subjektsforma skal framleis vera *de*. Objektsforma er *dykk* eller *dokker*.
- 3) Eigedomspronomenet har alternativa *dykkar* og *dokkar*.

VI. NY GJENNOMGANG AV NORMA

Nemnda har tidlegare fått tilsendt eit samla oversyn over alle vedtak til no. Oversynet ligg òg ute på nettsida vår.

På dei to komande møta skal nemnda gå gjennom lista og sjå om vedtaka skal bli ståande i det endelige framlegget.